



Innspel til statsbudsjett 2010 Samstemt!

Etablering av ei digital innkjøpsordning for fonogram, auka tilskot til regionale kompetansesenter og -nettverk, styrking av tilskotsordningane til musikarar og arrangørar, og ei styrking av arbeidet med norsk musikkexport er nokre av satsingsområda til Samstemt for 2010. Les Samstemt! sine innspel til statsbudsjett [her](#).

INTRO-folk 2009 Få med deg INTRO i sommar!

I sommar vert den tredje runden med INTRO-folk arrangert. Denne gongen er det seks artistar som skal kjempe om å bli årets unge folkemusikar. Dei seks utvalde artistane er Eplemøya Songlag, Marie Forr Klåpbakken, Filibuster, Kim André Rysstad, Nordafjells og Einar Olav Larsen Trio. Les meir om utøvarane og festivalane i INTRO-folk [her](#).

Ny nettportal snart klar .www.folkemusikk.no.

Nettportalen vil verte ein felles portal for folkemusikk i Noreg, og sameine fleire av dei eksisterande heimesidene på folkemusikkfeltet. Arbeidet med portalen er godt i gang og portalen skal etter planen lanserast i samband med NM i folkemusikk på Ål i slutten av juni.

Arbeid med nytt tidsskrift Lansering til hausten

Styra i LfS og NFD ønskjer å vurdere Spelemannsbladet og tidlegare Kvinten, og korleis eit nytt tidsskrift kan utviklast i samband med utviklinga på feltet. Eit utval er satt ned for å sjå på dette, og skal leggja fram ein rapport tidleg i juni. Rapporten vert grunnlaget for ei lansering av eit nytt tidsskrift. [Les meir.](#)

Organisasjonskomité nedsett Omorganisering

På eit felles styremøte 23. april satt styra i NFD og LfS ned ein organisasjonskomité som skal utarbeide framlegg til føremål og rammeverk for ein ny organisasjon for folkemusikk og -dans. Dei fyrste framlegga frå komiteen skal ut på høyring i slutten av juni. [Les meir.](#)

Intensjon om ny organisasjon Årsmøte i NFD

Laurdag 21. mars vedtok årsmøtet i NFD ein intensjon om å arbeide for å etablere ein ny felles organisasjon for folkemusikk og - dans i Noreg. Med dette har NFD mandat til arbeide vidare med omorganiseringa av folkemusikkfeltet. Meir om årsmøtet og samansettinga av det nye styret kan du lese [her](#).

Respons på omorganisering Tilbakemelding frå medlemmer

Før årsmøtet i mars gjennomførte styret i NFD ein ringerunde hjå ein del av medlemmene i samband med planane om å stifta ein ny organisasjon. Meiningane om planane og prosessen var mange, og styret fekk gode og nyttige innspel til det vidare i arbeidet. [Les meir.](#)

Artiklar om omorganiseringa Intervju, innlegg og debatt

Artiklar, innlegg og saksdokument knytt til omorganiseringa av folkemusikkfeltet finn du [her](#).

PRAKTISK INFO

Flytting til Schouskvartalet

1. september flytter NFD frå sitt lokale i Kirkegata 20, til nytt kontor i Schouskvartalet på Grünerløkka i Oslo.

Kontingent for 2009

Om du ikkje har betalt kontingenten til NFD, kan du betale til *konto.nr: 1503 04 18562*. Kontingentsatsar finn du på giroen, eller [her](#).

Om administrasjonen

Haldis Gjømle har sagt opp si stilling som dagleg leiar i NFD, og slutta i stillinga 1. april. Eivind Kaasin er konstituert dagleg leiar fram til 1. august, då Lene Furuli tek over arbeidet.



NORSK FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG

Postboks 440 Sentrum, 0103 OSLO
Besøksadresse: Kirkegata 20
Epost: nfd@folkogdans.no
Telefon: 22 00 56 90
www.nfd.no / www.folkogdans.no

OM KVINTEN

Kvinten inneheld nytt om Norsk Folkemusikk- og Danselag sitt arbeid. Om du ikkje lenger ynskjer å abonnere på Kvinten, kan du avbestille [her](#).

Innspel til statsbudsjettet 2010

Ei tiltakspakke for rytmisk musikk!



Etablering av ei digital innkjøpsordning for fonogram, auka tilskot til Regionale kompetansesenter og nettverk, styrking av støtta til musikarar og arrangørar, og ei samordning og styrking av arbeidet med norsk musikkexport er nokre av satsingsområda til Samstemt for 2010.

Samarbeidet Samstemt! starta opp våren 2004 etter at musikkorganisasjonane vart direkte oppmoda av kulturpolitikarar om å stå samla om felles krav. Sidan har Samstemt! levert innspel til statsbudsjetta og laga utgreingar på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

I kjølvatnet av Løken-utvalet sin rapport for musikkområdet (juni 2008) har det skjedd fleire strukturelle endringar for det rytmiske musikkfeltet. Mellom anna har fleire tilskotsordningar blitt samla innanfor Norsk kulturråd, og NorgesNettet og MVO har blitt slått saman til Musikkutstysordningen. Sistnemnte har fått ei auking av midlar til sitt felt.

Samstemt! er glade for det som er gjort innanfor musikkfeltet, men peikar på at dei gode intensjonane på det rytmiske området også må følgjast opp finansielt. Dette gjeld spesielt innkjøpsordninga for fonogram og den viktige utviklinga innan digital distribusjon av norsk musikk. Digital distribusjon er eit av dei mest aktuelle og omtala områda på musikkfeltet i desse tider, og det er viktig for heile musikknæringskjeda at dette prioriterast no.

Prioriteringar frå Samstemt!	2009	2010	2014
Tilskot til regionale kompetansesenter innan folkemusikk	-	5	10
Tilskot til regionale kompetansenettverk (<i>sjangerovergripande</i>)	3	8	12
Tilskot til musikarar	10	15	20
Tilskot til ensemble	18,2	20	23
Tilskot til arrangørar	10	25	35
Innkjøp av fysiske fonogram	16,9	20	25
Digital innkjøpsordning for norsk musikk	-	30	40
Eksportretta tiltak	6	21	25

Samarbeidet Samstemt! er no ein samanslutning av musikkorganisasjonane Fono, Landslaget for Spelemenn, Norsk Folkemusikk- og Danselag, Norsk jazzforum, Norsk Rockforbund, GramArt og Ny Musikk.

Samstemt! sine prioriteringar for 2010 kan lesast i sin heilskap på www.nfd.no.

Få med deg INTRO-folk i sommar!

I sommar vert den tredje runden med INTRO-folk arrangert. Denne gongen er det seks unge folkemusikkartistar som skal kjempe om å bli årets unge folkemusikar. Dei seks utvalde artistane er Eplemøya Songlag, Marie Forr Klåpbakken, Filibuster, Kim André Rysstad, Nordafjells og Einar Olav Larsen Trio.

På bakgrunn av innsende søknader har ein fagjury valt seks artistar som skal delta i konkurransen i år. Dei seks artistane konkurrerer to mot to på tre ulike festivalar, og på kvar festival vert det valt ut ein artist som går til finalen der vinnaren vert kåra.

1. SEMIFINALE | Førdefestivalen | laurdag 4. juli kl.12.00



Eplemøya Songlag

Liv Ulvik – vokal
Wenche Losnegård – vokal
Anja Eline Skybakmoen – vokal

Vokaltrioen utforskar det musikalske landskapet mellom jazzvokal og kveding. dei byggjer sitt repertoar på eigne komposisjonar, og tradisjonelt materiale som dei arrangerer på sitt eige vis. Songarane har trøkk og energi, og blandar humor, improvisasjon og forteljarkunst i sitt musikalske uttrykk. Sjå fram til ein stemningsfull konsert!

www.myspace.com/eplemyasonglag



Marie Forr Klåpbakken

fele og vokal

Ein aktiv og allsidig felespelar frå Vinstra i Gudbrandsdalen med mange ulike prosjekt i elden, mellom anna folkrock-bandet ”Bergtatt”. På INTRO-folk står ho derimot på scenen som soloutøvar, med eit repertoar som spenner frå tradisjonelle melodiar til klassisk bluegrassinspirert musikk – frå det energiske til det sarte. Gjer deg klar for ei variert og vital musikalsk oppleving!

www.myspace.com/marieklaapbakken

Førdefestivalen 2. – 5. juli

Tema på den 20. Førdefestivalen er World Voices – og på plakaten står fleire av dei fremste vokalensembla innan verdsmusikken. World Voices markerer også at Førdefestivalen i 20 år har vore møtestad for musikk og kulturar frå heile verda. Artistar: A Filetta (Frankrike), Det norske solistkor (N), Faiz Ali Faiz (Pakistan) og Craig Adams (USA), Eva Quartet (Bulgaria), Dansekompaniet FRIKAR (N), Inga Juuso (N) m. fl.

www.fordefestivalen.no

2. SEMIFINALE | Jørn Hilme-Stemnet | laurdag 25. juli kl.18.00



Filibuster

Erlend Viken – fele
Mona Hansen – fløyte
Olav Christer Rossebø – fele, gitar og mandola
Mari Skeie Ljones – fele

Musikarane i Filibuster kjem frå ulike stader i Noreg, og tradisjonsmusikken frå dei ulike områda er både utgangspunkt og inspirasjon for gruppa sine arrangement og komposisjonar. Saman med den norske tradisjonen har musikken klare innslag frå keltisk, svensk og amerikansk tradisjonsmusikk. Med filibuster får du samspel med glød og energi!

www.myspace.com/filibustermusic



Kim André Rysstad

vokal

Ung kvedar frå Rysstad i Setesdal som på kort tid har etablert seg som ein høgt respektert utøvar med sitt eige personlege uttrykk. med læremeistarar som Kirsten Bråten Berg, Agnes Buen Garnås og Ånon Egeland har han fått eit solid grunnlag innanfor den vokale folkemusikktradisjonen frå både Agder og Telemark. Debutalbumet *Tak hardt uti hand* har fått rosande omtale nasjonalt og internasjonalt, og vart kåra til ”årets soloalbum” på Folkelarm i 2008. Eit stort talent med ei unik stemme!

www.myspace.com/karysstad

Jørn Hilme-Stemnet | 19. – 26. juli

Festivalen på Fagernes har namnet sitt etter storspelemannen Jørn Hilme frå Ulnes, og har blitt arrangert sidan 1960. Jørn Hilme-stemnet har eit mangfaldig program, og inneheld både konsertar, kappleik, kurs, utstillingar, fjellturar og eit breitt dansetilbod. Nokon av høgdepunkta i sommar er: Tingsingsverket *Tonar til hjarta* av Kvarts, årets festivalartist; Martin Myhr, Valkyrien Allstars, Knut Hamre, The Snuff Grinders med FRIKAR, Kirsten Bråten Berg og Arild Andersen, Sven Nyhus kvartett, m. fl.

www.hilme.no
www.strunkeveko.no

3. SEMIFINALE | Kalottspel | torsdag 6. august kl.19.00



Nordafjells

Andreas Bjørkås – fele og hardingfele
Even Røhjell – trekkspel
Øyvind Sandum – torader og trekkspel
Knut Sneve – kontrabass
Gaute Iversen – gitar

Gamaldansgruppa Nordafjells har eksistert i ti år, og har allereie markert seg med plateutgjeving, sigarar på landskappleiken og landsfestivalen, samt fleire prisar. Gruppa har sitt fundament i den lokale tradisjonsmusikken, men utfordrar også denne ved å la seg inspirere av pop, rock og klassisk musikk. Med Nordafjells får du drivande god dansemusikk!

www.myspace.com/nordafjells



Einar Olav Larsen Trio

Einar Olav Larsen – fele
Daniel Trustrup Røssing – piano
Audun Larsen – kontrabass

Trioen har base i Verdal, og har latt seg inspirere av lokale legender som Hilmar Alexandersen og Sturla Hallås. Med utgangspunkt i denne tradisjonen har dei skapt sitt eige musikalske uttrykk i skjeringspunktet mellom folkemusikk og ragtime. Trioen byr på dynamisk og tett samspel, elegant felespill, drivande bassgangar, og variert og originalt pianoakkompagnement.

www.myspace.com/einarolavlarsen

Kalottspel 4. – 9. august

Årets Kalottspel inneheld konsertar, framsyningar, kurs, utstilling, seminar, dans på lokalet og mykje meir. Festivalen går føre seg i Målselv, og byr mellom anna på den eigenproduserte danseframsyninga *Kan du sjå det på meg?*, kyrkjekonsert med Sondre Bratland, Annbjørg Lien, Tore Bruvøll og Knut Reiersrud, og dobbelkonsert med Gjermund Larsen trio og Ragnhild Furebotten trio.

www.kalottspel.no

FINALE 2009 | Nordsjøfestivalen | laurdag 29. august kl. 18.00

Nordsjøfestivalen i Farsund har fokus på tradisjonsmusikken i landa rundt Nordsjøen, og er ein møteplass for musikarar som formidlar og utviklar tradisjonsmusikken frå sine område. Slik blir festivalen ein smeltedigel der ulike uttrykk møtast. Festivalen byr på mange konsertar i ulike miljø og stemningar, dans og kurs, samt eit sosialt klima med stor takhøgd.

Nokre artistar på festivalen i år er: Ranarim, Jackie Oates, Tsuumi Sound System, Unni Boksasp Ensemble, Kim Andre Rysstad, Basco Band, Trio vid Lampan, Maeve Mackinnon, Steinar Ofsdal, Unni Løvlid, Fosbrooks, 5 men in a boat m. fl

www.nordsjofestivalen.no

Lansering hausten 2009:

Arbeid med nytt tidsskrift

Styra i LfS og NFD ønskjer å vurdere Spelemannsbladet og tidlegare Kvinten, og korleis eit nytt tidsskrift kan utviklast i samband med utviklinga på feltet. Eit utval er satt ned for å sjå på dette, og skal leggja fram ein rapport tidleg i juni. Rapporten vert grunnlaget for ei lansering av eit nytt tidsskrift.

Utvalet skal vurdere bladet si rolle på folkemusikkfeltet og i det generelle mediebildet. Arbeidsutvalet skal også vurdere eigartilhøva, økonomi, profil, formål og format for eit nytt tidsskrift, og sjå dette i samband med faglege publikasjonar som t.d. årboka, og medlemsinformasjonen frå organisasjonane. Utvalet skal også kome framlegg om nytt namn på bladet.

Utvalet er sett saman slik:

Bente Riise - *redaktør i Syn og Segn, leiar for Norsk Tidsskriftforening og leiar av utvalet*

Bjørn Hammershaug – *ansvarleg redaktør for groove.no og tidlegare journalist på ballade.no*

Johanne Landsverk – *journalist i Forskerforbundet sitt tidsskrift Forskerforum og erfaren folkemusikkjournalist*

Hege Nylund – *lærer, kvedar og styremedlem NFD*

Knut Aastad Bråten – *redaktør for Spelemannsbladet, langeleikspelemann og sekretær for utvalet*

Utvalet skal levere sin rapport til styra i NFD og LfS i byrjinga av juni.

Felles styremøte i NFD og LfS våren -09:

Organisasjonskomité nedsett

På eit felles styremøte 23. april satt styra i NFD og LfS ned ein organisasjonskomité som skal utarbeide framlegg til føremål og rammeverk for ein ny organisasjon for folkemusikk og -dans. Dei fyrste framlegga frå komiteen skal ut på høyring i slutten av juni.

Komiteen er sett saman av styremedlemmer i LfS og NFD sine styrer:

Arnfinn Bjerkestrand, styremedlem NFD – komitéleiar

Åshild Vetrhus, styreleiar NFD

Nils Øyvind Bergset, styreleiar LfS

Solbjørg Tveiten, nestleiar LfS

I mandatet for komiteen ligg det at komiteen skal utarbeida ein framdriftsplan for prosessen, og planverk for fyrste arbeidsår. Ein skal også føre ein open prosess, der medlemmer, andre organisasjonar og samarbeidspartnarar vert invitert til å koma med innspel. Komiteen hadde sitt fyrste møte 13. mai.

Heile mandatet for komiteen kan lesast i protokoll frå felles styremøte for NFD og LfS. Protokoll frå felles styremøte NFD og LfS våren 2009 kan lastast ned frå www.nfd.no, eller ved å ta kontakt med administrasjonen i NFD.

Årsmøte i Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD):

Intensjon om ny felles folkemusikkorganisasjon

På årsmøtet laurdag 21. mars fatta Norsk Folkemusikk- og Danselag eit intensjonsvedtak om å arbeide for å etablere ein ny felles organisasjon for folkemusikk og – dans i Noreg. Med dette har NFD mandat til arbeide vidare med omorganiseringa på folkemusikkfeltet.

Styret sitt framlegg til intensjonsvedtak gjekk igjennom med 17 mot 9 stemmer, og styret fekk med det medhald i å arbeide for meir føremålstenlege strukturar og arbeidsfordeling på folkemusikkfeltet gjennom å etablere ein ny felles organisasjon for folkemusikk og -dans i Noreg.

- Styret er glade for at årsmøtet har gitt oss mandat til vidare arbeid i retninga me har starta på, og no ser me fram til å komma i gong med arbeidet med forslag til strukturar, vedtekter og føremål for ein ny organisasjon. Me ynskjer utvikle ein ny struktur i dialog med medlemene i organisasjonane og feltet elles, slik at me saman kan skape gode løysingar for folkemusikken og -dansen i framtida, seier styreleiar Åshild Vetrhus.

Auka medlemskontingent

Frå og med 2010 vert det nye krav til medlemskap for rettshavarorganisasjonane i Gramo, der NFD er ein av desse. Dei nye reglane krev ein minstesats på medlemskontingent på kr 400,- i kvar enkelt rettshavarorganisasjon, og årsmøtet vedtok difor at medlemskontingenten for NFD vert sett opp til kr 400,- frå og med 2010.

Nytt styre

Det nye styret i NFD ser slik ut for 2009:

Åshild Vetrhus – *leiar (attval)*

Åse Teigland – *styremedlem (ikkje på val)*

Anders Buen – *styremedlem (ikkje på val)*

Arnfinn Bjerkestrand – *styremedlem*

Tellef Kvifte – *styremedlem*

Jan Petter Blom – *1.vamedlem (attval)*

Hege Nylund – *2. vamedlem (attval)*

Sigurd Heide – *3. vamedlem.*

Respons på omorganiseringa: Tilbakemeldingar frå medlemmer

I forkant av årsmøtet i mars gjennomførte styret i NFD ein ringerunde hjå ein del av medlemene i samband med planane om å stifta ein ny organisasjon. Meinigane om planane og prosessen var mange, og styret fekk gode og nyttige innspel til det vidare i arbeidet.

Ringerunden viser at NFD sine medlemmer er opptekne av at NFD sitt føremål og saker vert teke vare på og fremja i arbeidet med omstruktureringa av feltet. Solotradisjonane, tilhøva for dei profesjonelle utøvarane, trygging av rettane til tradisjonsberarane og det kulturpolitiske arbeidet er døme på saker som vart nemnt som sentrale.

Fleire medlemmer nemnde også at det er viktig å våga skilja mellom behova dei ulike utøvarane av folkemusikk- og dans har, og at dette vert teke høgde for i arbeidet med omstruktureringa på feltet. Rekruttering, trygging av aktivitet på grunnplanet, og synleggjering av folkemusikken i media vart òg nemnt som viktige område ein bør styrke i ein ny organisasjon. Dessutan såg fleire det som viktig at det vart skapt gode arenaer og forum for formidling av folkemusikken.

Prosess

Eit fleirtal av dei medlemene som vart ringt opp var positive til prosessen, medan andre medlemmer var uroa for utviklinga dei såg og var kritiske til måten prosessen til no hadde gått føre seg på. Ei kjelde til uroing var at ein var mellom anna at ein usikker på kva ein går til i ein ny organisasjon, og kva for konsekvensar ei omstrukturering kan føre med seg.

I arbeidet med å etablere ein ny organisasjon meinte mange at ein burde sjå til og læra av andre og tilsvarande prosessar. Norsk Jazzforum og Noregs Idrettsforbund vart nemnde spesielt som organisasjonar det kunne vera lurt å sjå til. Vidare meinte fleire at det var viktig at ein må driva ein open prosess og ikkje leggja lok på konflikhtar som måtte oppstå undervegs. Nokon meinte at ein måtte ta seg god tid i prosessen slik at det vert ein god debatt og gode løysingar.

Styret i NFD ser innspela som kom fram i ringerunden som svært nyttige i det vidare arbeidet med omstruktureringa av folkemusikkfeltet, og oppmodar medlemene til å delta vidare med meiningar i debatten og innspel på dei framlegga som kjem.